

## Møteinkalling

<b>Utval:</b>	<b>Ungdommens fylkesutval</b>
<b>Møtestad:</b>	Kantina, 4. etasje., Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen
<b>Dato:</b>	21.08.2019
<b>Tid:</b>	13:00

### Program

13:00 – 17:00 Sakshandsaming

Det vil verte enkel servering med drikke.

Dersom nokon av utvalet sine medlemer ikkje kan møta og må meldा forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Innkallinga gjeld valde medlemer og varamedlemer i Ungdommens fylkesutval.

Oda Medhus  
utvalsleiar

## Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 58/19	Godkjenning av innkalling		
PS 59/19	Godkjenning av saksliste		
PS 60/19	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 61/19	Referatsaker (meldingar)		
RS 20/19	Oversikt Ungdommens planprogram 2019 (UPP)	2014/560	
RS 21/19	Oversikt ungdomsråd per 29.07.2019	2014/560	
RS 22/19	Oversikt økonomi per 29.07.2019	2014/560	
PS 62/19	Ymse		
PS 63/19	Status samanslåingsprosess og UFU sine innspel til fylkesting for ungdom 2019	2014/560	
PS 64/19	Aktivitetar for Ungdommens fylkesutval hausten 2019	2014/560	
PS 65/19	Årsmelding 2019	2014/560	
PS 66/19	Budsjett for 2020 - innspel frå Ungdommens fylkesutval	2014/560	

**PS 58/19 Godkjenning av innkalling**

**PS 59/19 Godkjenning av saksliste**

**PS 60/19 Godkjenning av møtebok frå forrige møte**

**PS 61/19 Referatsaker (meldingar)**

## Opplæring og helse

Mål	Tiltak	Ferdig	Vert ikke gjort	Frist
<b>Gratis skuleprinsippet er svært viktig. Skule og utdanning skal vere gratis.</b>	<p>UFU går imot kopi- og utskriftsavgift ved vidaregående skular.</p> <p>UFU skal arbeide for at alt naudsynt skulemateriell vert dekka av grunnstipendet</p> <p>UFU skal arbeide for stønad til elevutflukter i regi av vidaregåande skular.</p> <p>UFU skal arbeide for betre informasjon i den vidaregående skulen om støtteordningar, stipend og liknande.</p>			
<b>Fråfallet i den vidaregåande skulen skal vere mindre enn 15 prosent.</b>	UFU skal arbeide for fleire alternative utdanningstilbod som til dømes produksjonsskular.			
<b>Tannhelsetenesta skal vere god og rimeleg prisa for ungdom i fylket.</b>	UFU skal arbeide for at endringar i klinikksstruktur skal skje på et grunnlag som betrar tilbodet for ungdom.			
<b>God psykisk helse skal fremjast og setjast fokus på blant ungdom.</b>	<p>UFU skal arbeide for at det skal gjevast fleire midlar til helsesjukepleiarordning. Det skal vere ein helsearbeidar på skulen kvar dag, heile skuledagen.</p> <p>UFU skal arbeide for at det skal fastsettast at alle helsesjukepleiarar skal ha minst to årlege samtalar/presentasjoner for elevar, der det vert gjennomgått tiltak som enkeltungdom kan gjere for å betre eiga helse.</p> <p>UFU skal arbeide for at det skal fastsetc. UFU skal prioritere arbeid for å fremje eit mangfold av identitetar, til dømes ved å delta på Bergen Pride</p> <p>UFU skal arbeide aktivt for fleire miljøtiltak på alle skular, som til dømes «miljøgruppa» på Slåtthaug vidaregåande skule, og at alle Hordalandsskular er MOT-skular. Dette skal gjerast med særleg fokus på yrkesfaglege skular.</p> <p>UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular i fylket vert pålagt å utarbeide ein plan mot mobbing, i samarbeid med skulen sine elevar og mobbeombodet i Hordaland.</p>			
<b>Det skal leggjast til rette for alternativ undervisning i den vidaregåande skulen.</b>	<p>UFU skal arbeide for fleksibel studietid på fleire skular enn Amalie Skram vidaregåande skule og Olsvikåsen vidaregåande skule.</p> <p>UFU skal arbeide for at skulane skal tilby leksehjelp for å legge til rette for elevane.</p> <p>UFU skal arbeide for at dei vidaregåande skulane skal legge til rette for meir fysisk aktivitet i skulekvardagen.</p>			

	UFU skal arbeide aktivt for å innføre teknisk allmennfag (TAF) på fleire skular i Hordaland.		
	UFU skal arbeide for ei meir omfattande seksualundervisning. Den skal vere haldningsskapande, og ha fokus på inkludering, kunnskap, betre helse og ulike legninger.		
<b>Seksualundervisninga i den vidaregåande skule må betrast</b>	UFU skal arbeide for at seksualundervisninga ved alle vidaregåande skular i fylket skal gjennomførast av helsesjukepleiar eller anna helsefagleg personell.		
	UFU skal arbeide for å betre kjennskap til organisasjonar som arbeider for å betre seksualundervisninga i skulen.		
	UFU skal arbeide for at innhald og mengde i undervisninga skal vere tilnærma lik på alle skular.		
<b>Ein skal arbeide for betre integrering på vidaregåande skular.</b>	UFU skal arbeide for hyppigare norskkurs for minoritetsspråklege vidaregåande skule elevar, slik at fleire ungdommar med flyktning- og asylbakgrunn har betre moglegheit til å byrje tidleg med utdanninga.		
	UFU skal arbeida for at det innførast ein obligatorisk dag, på tvers av klasser og linjer, der ein arbeider for å bli betre kjent. Dette for å betre inkludering i skolen.		
	UFU skal arbeida for at det vert nytta MIKS-klassar i undervisninga for å skapa god integrering i skulen.		
<b>Lærlingordninga skal reflektere behovet, slik at alle får moglegheit til å fullføre utdanninga.</b>	Lærlingar som ikkje består sveineprøve/fagprøve skal likevel få eit individuelt utforma kompetansebevis av arbeidsgjever for det utførte arbeidet.		
<b>Sambandet mellom utdanning og arbeidsliv er viktig, og derfor skal elevar på yrkesfag kunne møte reelle arbeidssituasjonar.</b>	UFU skal jobbe aktivt for å innføre vekslingsmodellen for yrkesfag i fleire skular i Hordaland.		
<b>Det er viktig å auke lærarane si digitale kompetanse, slik at dei kan utdanne elevar som er klare til å møte eit digitalisert arbeidsliv</b>	Fleire lærarar skal få tilstrekkeleg vidareutdanning innan IKT.		
<b>Det skal vere fritt skuleval i Vestland fylke</b>	UFU skal arbeide for at det skal vere karakterbasert opptak (fritt skuleval) i Vestland fylke.		
	UFU skal arbeide for at elevar ikkje skal ha urimeleg lang reiseveg til skulen.		

## Kultur, idrett og regional utvikling

Mål	Tiltak	Ferdig	Vert ikkje gjort	Frist
<b>Folkehelse er eit viktig aspekt for unge, og UFT ynskjer å bidra til at folkehelsearbeidet i fylket får innspele frå ungdom sine perspektiv.</b>	<p>UFU skal arbeide for at det vert arrangert førebyggande opplæring mot rusmisbruk av relevante ungdomsorganisasjonar i dei vidaregåande skulene.</p> <p>UFU skal arbeide for at alle lærarar må ha grunnkurs i fyrstehjelp, og forsvarleg kompetanse innan skadar som kan oppstå ved skulen sine linjer.</p> <p>UFU skal føreslå til folkehelseplanen at alle vidaregåande skular bør legge til rette for prosjekt der opplæring om fysisk og psykisk helse er i fokus.</p>			
<b>Kulturtildob og andre arrangement for ungdom skal styrkast, oppretthaldast og fremheves.</b>	<p>UFU skal arbeide for fleire opne idrettsarenaer for ungdom, som til dømes «open sal»-tilbod og «Fysak».</p> <p>UFU skal arbeide for billegare kulturtildob for ungdom, med rabattar på mellom anna VilVite, teater, museum, kunstutstillingar og kino.</p> <p>UFU skal arbeide for å gjere skulebibliotek attraktivt for ungdom, gjennom til dømes tilpassa opningstid og U-rom eller opphaldsstad for ungdom på biblioteka.</p> <p>UFU skal oppretthalde eit godt samarbeid med idrettsavdelinga for å betre idrettsaktivitetar og hendingar for ungdom.</p>			
	<p>UFU skal oppretthalde samarbeidet med den kulturelle skulesekken om kulturtildob i den vidaregåande skulen, og føreslå at produksjonen skal handle om samfunnsaktuelle tema, og at det vil vere moglegheit for å komme med respons i ettertid.</p> <p>UFU skal arbeide for å vidareføre og utvida tilboden bokbåten Epos gjer, også i Vestland fylke</p> <p>UFU skal arbeide for at kulturtildobet i distrikta skal styrkast, oppretthaldast og fremjast. For eksempel ved å ha foredrag knytt til ei utstilling, eller ei form for hending som appellerer til ungdom i helgene.</p>			
<b>Fylkesbiblioteket og bibliotek ved vidaregåande skular i fylket skal bli meir attraktive for ungdom.</b>	<p>UFU bør arbeide for at biblioteka blir meir tilpassa ungdom, særskilt ungdom som treng ressursar som grupperom til skulearbeid.</p> <p>UFU skal arbeide for at fylkeskommunale bibliotek skal ha høve til å tilby tenesta utstyrsbibliotek.</p>			
<b>Offentlege bygg skal bli lettare tilgjengeleg for utlån, særleg fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet.</b>	<p>UFU skal arbeide for at fylkeskommunen skal gjere det lettare for ungdom å vite om og få informasjon om opne idrettsfasilitetar.</p> <p>UFU skal arbeide for at fylkeskommunen skal lage fleire idrettsarenaer som «Fysak».</p>			

## Miljø og samferdsel

Mål	Tiltak	Ferdig	Vert ikke gjort	Frist
Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjøre kollektivtransport meir attraktiv for ungdom.	<p>UFU skal arbeide for å sikre at prisen på ungdomskortet ikkje overskridar 45% av prisen på periodeskyss for vaksne per månad.</p> <p>UFU skal arbeide for at månadskortet for born og studentar gjeldt i heile fylket</p> <p>UFU skal arbeide for å innføre bruk av ungdomskort på strekningar innanfor fylket på regiontoga.</p> <p>UFU skal arbeide for å auke øvre aldersgrense på ungdomskortet til 25 år og senke den nedre aldersgrensa til 14 år.</p> <p>UFU skal, i samarbeid med skyss, jobbe fram ei haldningskampanje for å forhindre røyking og damping på busstoppa og terminalane i fylket.</p> <p>UFU skal arbeide for å få innført fleire betalingsautomatar for buss på fleire større busstasjonar.</p>			X
Kollektivtilbodet i Hordaland bør utbetrast. Bussavgangane bør verte betre tilpassa skuletidene.	<p>UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angåande korleis avgangar er tilpassa skuletidene og korleis korrespondansen mellom avgangar leggjast opp.</p> <p>UFU kan samarbeide med ungdomsråd og fylkeskommunen om utbetring av kollektivtransportavgangar i fylket.</p> <p>UFU skal arbeide for at nattbuss tilbodet i fylket skal både betrast og oppretthaldas, særskilt i distrikta.</p> <p>UFU meiner at korrespondansen mellom bussar bør gjerast betre på tvers av fylkesgrenser</p> <p>UFU skal arbeide for betre snøggbåtavgangar frå Frekkhaug til Bergen. Båten som køyrrer frå Knarvik til Bergen kan eventuelt endrast til ruta Knarvik-Frekkaug-Bergen og ha hyppigare avgangar.</p>			X
Hordaland fylkeskommune skal arbeide for å betre trafikksikringa for ungdom.	<p>UFU skal be om ein orientering frå Samferdselsavdelinga angåande trafikksikring for ungdom.</p> <p>UFU skal halde seg orientert om sakar i Fylkestrafikksikringsutval i Hordaland og fremje sakar ved trong.</p> <p>UFU skal arbeide for trafikksikre og miljøvennlege vegar i Hordaland, samt arbeide for å redusere vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegane.</p> <p>UFU skal arbeide for at det skal vere trepunktobelte på alle bussane i Hordaland.</p>			X

	UFU skal arbeide for å gjøre det meir attraktivt for ungdom i Hordaland å bruke setebelte på buss og i bil.		
	UFU skal arbeide for at det skal verte meir attraktivt å bruke refleks.		
<b>Ungdommens fylkesutval skal vere ein aktiv pådrivar innanfor klima-, energi- og miljøpolitikk i Hordaland fylkeskommune.</b>	UFU skal kome med uttale til Klimaplanen når den rullerast kvart år.		
	UFU skal vere ein aktiv deltakar i Klimarådet.		
	UFU skal arbeide for meir miljøvenlege fylkeskommunale bygg, med særleg fokus på vidaregåande skular		
	UFU skal arbeide for å redusere kjøtforbruket ved alle fylkeskommunale bygg i Hordaland, blant anna ved å innføre kjøtfri måndag.		
	UFU skal vere aktiv pådrivar for avfallsortering på fylkeskommunale bygg, særskild vidaregåande skular.		
	UFU skal bidra og arbeide for papir og plastreduksjon i fylkeskommunen.		
	UFU skal vere ein aktiv pådrivar for miljøvenlege formar for drivstoff på bussar i fylkeskommunen.		
	UFU skal samarbeide med miljøorganisasjonar som Natur og Ungdom, Changemaker og Framtiden i våre hender.		
	UFU skal arbeide for nedsett pris på mat nær utløpsdato i alle kantiner i Hordaland.		
	UFU går imot store naturinngrep som følgjer av næringsverksemd i Hordaland.		

## Eigen organisasjon

Mål	Tiltak	Ferdig	Vert ikkje gjort	Frist
<b>Ungdommens fylkesutval skal vere organisert etter ein modell som fremjar effektivt arbeid både innanfor UFU og mot HFK.</b>	UFU skal sjå til at alle føler seg velkommen til utvalet og at alle har ein moglegheit til å fremje si meining.			
	UFU bør sende representantar på dei ulike partia sine gruppemøte når der er oppe saker som er aktuelle for UFU.			
	UFU skal hjelpe med rådgjeving og oppfølging av ungdomsråd i dei kommunane som ikkje har dette.			
<b>Medverknadsorgan for ungdom skal vere ei god plattform der ungdom skal ha reell innflytelse i samfunnsdebatten</b>	UFU skal arbeide aktivt, saman med andre fylkeskommunale medverknadsorgan for ungdom, for å fremje saker.			
	UFU skal vere ein aktiv pådrivar innan Arbeidsgruppe for oppretting av Nasjonalt Ungdomsråd			

	UFU skal fremje meir politisk samarbeid mellom og innan dei ulike medverknadsnivåa.		
	UFU skal arbeide for eit tett samarbeid med relevante ungdomsorganisasjonar.		
<b>Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere meir synleg blant ungdom og innanfor Hordaland fylkeskommune.</b>	UFU skal utarbeide ei betre heimeside med meir informasjon.		
	UFU skal leggje ut minimum fire sakar i månaden på Facebook eller Instagram .		
	UFU skal utarbeide ein informasjonspakke for UFT som kan distribuerast på skular, arrangement, fylkeshuset, kulturmønstringa, osv.		
	UFU skal ha minst seks saker i media i løpet av perioden.		
	UFU skal presentere seg for politiske utval og avdelingar i HFK.		
	UFU skal presentere seg og sakene til UFT på eit fylkesting og eit fylkesutval i løpet av 2018.		
	UFU skal arrangere debatt for ungdom i fylket i samarbeid med aktuelle samarbeidspartnarar.		
<b>Samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdomsråd/ungdommens kommunestyre er særsviktig.</b>	UFU skal arrangere ei nettverkssamling årleg over to dagar for ungdomsråd/ungdommens kommunestyre der hovudfokuset er på samarbeid og dialog både på tvers av råda og opp mot UFU.		
	UFU skal fremje godt samarbeid og dialog mellom Ungdommens fylkesutval og ungdoms- råd/ungdommens kommunestyre gjennom ei kontaktpersonordning.		
	UFU skal ta kontakt med alle ungdomsråda i løpet av året for å ha god dialog og rådgjeving.		

**Ungdomsråd i Hordaland**

Oppdatert 02.08.2018

Kommune	Leder	Telefon	E-post
Askøy	Jens Hestnes Andersen	91911578	jens.hest.and@gmail.com
Austevoll			
Austrheim	Irmelin Vike Opedal	91002630	<a href="mailto:irmelinviko2@gmail.com">irmelinviko2@gmail.com</a>
Bergen	Amalie Dalhaug Halleland	41301471	<a href="mailto:ubibergen@gmail.com">ubibergen@gmail.com</a>
Bømlo	Lars Esperø	99365515	<a href="mailto:lars.espero@gmail.com">lars.espero@gmail.com</a>
Eidfjord	Emilie Viveli Tveit	48602990	<a href="mailto:emilie@eidfjord.net">emilie@eidfjord.net</a>
Etne			
Fedje	Frida Herøy	90159160	<a href="mailto:fridahersso@gmail.com">fridahersso@gmail.com</a>
Fitjar	Alice Rose Medhammer	94852204	<a href="mailto:alice.rose@haugnett.no">alice.rose@haugnett.no</a>
Fjell	Vilde Indervik		<a href="mailto:vildei@hotmail.com">vildei@hotmail.com</a>
Fusa	Vegard Fosså		<a href="mailto:vegardf99@hotmail.com">vegardf99@hotmail.com</a>
Granvin	Marte Kristoffersen	41649976	<a href="mailto:martekatt@hotmail.com">martekatt@hotmail.com</a>
Jondal			
Kvam	Lena Tufta	95004086	<a href="mailto:lenatufta@gmail.com">lenatufta@gmail.com</a>
Kvinnherad			
Lindås	Morten Stokke	97518501	<a href="mailto:mortenstokke@outlook.com">mortenstokke@outlook.com</a>
Masfjorden			
Meland	Susanne Slettebakken	96012969	<a href="mailto:susosle02@gmail.com">susosle02@gmail.com</a>
Modalen	Hilde Brørvik	41477453	<a href="mailto:hilde_fjellanger@hotmail.com">hilde_fjellanger@hotmail.com</a>
Odda	Vincent Gabriel Kollbotn		
Os	Har ikke		
Osterøy	Lars Bysheim	47177528	<a href="mailto:lars.bysheim@outlook.com">lars.bysheim@outlook.com</a>
Radøy	Marte Solheim	45666886	<a href="mailto:martesolen@gmail.com">martesolen@gmail.com</a>
Samnanger	Okcar Kienitz	46591629	<a href="mailto:oskar.kienitz99@gmail.com">oskar.kienitz99@gmail.com</a>
Stord	Anna Valvatne		<a href="mailto:annavalvatne@hotmail.com">annavalvatne@hotmail.com</a>
Sund	Solve Stensrud	91644618	<a href="mailto:solve.frostad@icloud.com">solve.frostad@icloud.com</a>
Sveio			
Tysnes	Marius Sjøbø	97798066	<a href="mailto:marius.sjobo@gmail.com">marius.sjobo@gmail.com</a>

Ullensvang	Elin Sneeggen		
Ulvik	Bjørk Thorbjørnsen	97540044	<a href="mailto:bjorkth19@gmail.com">bjorkth19@gmail.com</a>
Vaksdal	Anna Elisabeth Øyre hagen A	98459849	<a href="mailto:annae.oyrehagen.akselvoll@gmail.com">annae.oyrehagen.akselvoll@gmail.com</a>
Voss	Nora Marie Gullbekkhei	92452779	<a href="mailto:lillenora2002@hotmail.com">lillenora2002@hotmail.com</a>
Øygarden	Synne Nordøy	93871792	<a href="mailto:synne.nordøy@hotmail.com">synne.nordøy@hotmail.com</a>
Hardanger			

Etne kommune har ikkje ungdomsråd, men et barne- og ungdomsteam. Det har soleis  
ingen leiar, men kontaktpersonen leiar konsultasjonen.

Kommune	Sekretær	Telefon	E-post
<b>Askøy</b>	Sigrun Haarklau	91178430	<a href="mailto:Sigrun.haarklau@askoy.kommune.no">Sigrun.haarklau@askoy.kommune.no</a>
<b>Austevoll</b>	Morten Storebø	94504076	<a href="mailto:morten.storebo@austevoll.kommune.no">morten.storebo@austevoll.kommune.no</a>
<b>Austrheim</b>	Anita Soltveit	47480209	<a href="mailto:anita.soltveit@austrheim.kommune.no">anita.soltveit@austrheim.kommune.no</a>
<b>Bergen</b>	Birgitte Teglgaard	46 69 65 20	<a href="mailto:Birgitte.teglgaard@bergen.kommune.no">Birgitte.teglgaard@bergen.kommune.no</a>
<b>Bømlo</b>	Elisabeth Knutsen	53423068/911 65 377	<a href="mailto:elisabeth.knutsen@bomlo.kommune.no">elisabeth.knutsen@bomlo.kommune.no</a>
<b>Eidhfjord</b>	Bergljot Veivåg	53673537	<a href="mailto:bmv@eidhfjord.kommune.no">bmv@eidhfjord.kommune.no</a>
<b>Etne</b>	Dagfinn Garnes-Johnsen	53758125	<a href="mailto:dagfinn.garnes.johnsen@etne.kommune.no">dagfinn.garnes.johnsen@etne.kommune.no</a>
<b>Fedje</b>	Charlotte Lilleheil		<a href="mailto:postmottak@fedje.kommune.no">postmottak@fedje.kommune.no</a>
<b>Fitjar</b>	Bente Bjelland		<a href="mailto:bebj@fitjar.kommune.no">bebj@fitjar.kommune.no</a>
<b>Fjell</b>	Unni Rygg	47417522	<a href="mailto:unni.rygg@fjell.kommune.no">unni.rygg@fjell.kommune.no</a>
<b>Fusa</b>	Erik Vangsnes	47277146	<a href="mailto:erik.vangsnes@fusa.kommune.no">erik.vangsnes@fusa.kommune.no</a>
<b>Granvin</b>	Siri Stuve	41268620	<a href="mailto:siri.stuve@granvin.kommune.no">siri.stuve@granvin.kommune.no</a>
<b>Jondal</b>	Ragnvald Joakimsen	45474181	<a href="mailto:post@jondal.kommune.no">post@jondal.kommune.no</a>
<b>Kvam</b>	Kari Weltzien Vik	99543057	<a href="mailto:kwvi@kvam.kommune.no">kwvi@kvam.kommune.no</a>
<b>Kvinnherad</b>	Veronica Thorsen	97067136	<a href="mailto:veronica.thorsen@kvinnherad.kommune.no">veronica.thorsen@kvinnherad.kommune.no</a>
<b>Lindås</b>	Robert Lorang Hansen	95522070	<a href="mailto:robert.lorang.hansen@lindas.kommune.no">robert.lorang.hansen@lindas.kommune.no</a>
<b>Masfjorden</b>	Alf M. Strand		<a href="mailto:alf.m.strand@masfjorden.kommune.no">alf.m.strand@masfjorden.kommune.no</a>
<b>Meland</b>	Susanne Vaktskjold	45292238	<a href="mailto:susanne.vaktskjold@meland.kommune.no">susanne.vaktskjold@meland.kommune.no</a>
<b>Modalen</b>	Sissel Hindenes		<a href="mailto:sissel.hindenes@modalen.kommune.no">sissel.hindenes@modalen.kommune.no</a>
<b>Odda</b>	Bodil Skjerven		<a href="mailto:bodil.skjerven@odda.kommune.no">bodil.skjerven@odda.kommune.no</a>
<b>Os</b>	Paul Manger	47881137	<a href="mailto:pjm@os-ho.kommune.no">pjm@os-ho.kommune.no</a>
<b>Osterøy</b>	Grete Birkeliid		<a href="mailto:grete.birkeliid@osteroy.kommune.no">grete.birkeliid@osteroy.kommune.no</a>
	Kari Aakre		<a href="mailto:kari.aakre@osteroy.kommune.no">kari.aakre@osteroy.kommune.no</a>
<b>Radøy</b>	Katarina Birkeland	90696931	<a href="mailto:katarina.birkeland@radoy.kommune.no">katarina.birkeland@radoy.kommune.no</a>
<b>Samnanger</b>	Meline Haugland	47465510	<a href="mailto:Meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no">Meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no</a>
<b>Stord</b>	Trude Aamot		<a href="mailto:Trude.Aamot@stord.kommune.no">Trude.Aamot@stord.kommune.no</a>
<b>Sund</b>	Hilde Kristin Egeland	56327599	<a href="mailto:hilde.k.egeland@sund.kommune.no">hilde.k.egeland@sund.kommune.no</a>
<b>Sveio</b>	Vidar Vikse		<a href="mailto:Vidar.Vikse@sveio.kommune.no">Vidar.Vikse@sveio.kommune.no</a>
<b>Tysnes</b>	Vibeke Stoltz	95528902	<a href="mailto:vibeke.stoltz@tysnes.kommune.no">vibeke.stoltz@tysnes.kommune.no</a>

<b>Ullensvang</b>	Linn M. Østerbø	53671502	<a href="mailto:lost@ullensvang.herad.no">lost@ullensvang.herad.no</a>
<b>Ulvik</b>	Ingvild Winters		<a href="mailto:Ingvild.Winters@ulvik.kommune.no">Ingvild.Winters@ulvik.kommune.no</a>
<b>Vaksdal</b>	Ann Kristin Bolstad		<a href="mailto:ann.kristin.bolstad@vaksdal.kommune.no">ann.kristin.bolstad@vaksdal.kommune.no</a>
<b>Voss</b>	Lars Egil Sjøtun	56518350	<a href="mailto:Lars.E.Sjotun@voss.kommune.no">Lars.E.Sjotun@voss.kommune.no</a>
<b>Øygarden</b>	Jarle Kåre Oen		<a href="mailto:jarle.kare.oen@oygarden.kommune.no">jarle.kare.oen@oygarden.kommune.no</a>
<b>Hardanger</b>	Trude Rinaldo	48954550	<a href="mailto:post@hardangerraadet.no">post@hardangerraadet.no</a>

# Oversikt økonomi per 29.07.2019

Liste: Sted - Art	Regnskap hittil i år	Budsjett hittil i år	Differanse hittil i år	Årsbudsjett	Disponibel rest
ALLE	75 125	209 989	134 864	310 000	234 875
> 10033000 Ungdommens Fylkesting	-47 169	11 665	58 834	310 000	357 169
> 10033001 Utvalsmøtar	67 325	67 081	-244	0	-67 325
> 10033002 Eigen organisasjon	1 907	0	-1 907	0	-1 907
> 10033003 Kurs og konferansar	11 656	23 331	11 675	0	-11 656
> 10033004 Nettverkssamling	0	49 581	49 581	0	0
> 10033005 Ungdommens fylkesting	41 406	58 331	16 925	0	-41 406

**PS 62/19 Ymse**



Arkivnr: 2014/560-440

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	63/19	21.08.2019

### Status samanslåingsprosess og UFU sine innspel til fylkesting for ungdom 2019

#### Samandrag

Det har vore arbeida intenst det siste halve året i både Hordaland og Sogn og Fjordane for at Vestland fylkeskommune skal bli ein realitet frå 01.01.2020. Det har vore stort fokus på plasseringa av tilsette i den nye strukturen samtidig som det har vore viktig å planlegge den politiske kalenderen opp mot den nye kommunelova som trår i kraft frå og med fylkestingsvalet no i september.

Det som er nyt, og som har særslig relevans for UFU og UPU, er at medverknadsorgan for ungdom no er lovfesta saman med råd for menneske med nedsett funksjonsvene og eldreråd. Det er i tillegg lagt stor vekt på at medverknadsorgana skal ha ei reell påverknadskraft og at fylkeskommunen difor er pliktig til å legge til rette for dette. Eit anna viktig aspekt ved denne lovfestinga er at lovgjevar har gjeve like reglar for alle politiske organ kva gjeld tidspunkt for når dei skal opprettast. Etter ny kommunelov skal Fylkesting for ungdom Vestland vere oppretta innan utgangen av 2019. Dette betyr at Fylkesting for Ungdom Vestland må haldast denne hausten for at Vestland fylkesting formelt skal kunne rekke å godkjenne organet.

I sak PS 54/2019 blei det samrøyistes vedteke av UFU at administrasjonen i HFK samt leiar og nestleiar fekk fullmakt til å førebu og planlegge samanslåinga saman med representantar frå UPU og administrasjonen i Sogn og Fjordane. På grunn av sommarferie har ein ikkje fått klarlagt alt ein såg for seg. Det er likevel laga ei førebels ramme for korleis prosessen skal føres vidare.

#### Dato:

Frå administrativ leiing er det avklart at dato for Fylkesting for ungdom Vestland vil verte 01.-03. november 2019. Bakgrunn for dato er hovudsakleg at det har gått ei tid etter valet i september slik at alle kommunane i det nye fylket rekk å etablere sine ungdomsråd. Dette gjer at kommunane har representantar frå sine respektive ungdomsråd som kan delta. Vidare er det viktig at dato er fastsatt denne helga av omsyn til fylkestinget i desember. Det er trong for tid til å melde opp ei politisk sak der administrasjon presenterer nye Fylkesting for ungdom Vestland. Sist, men ikkje minst, så er det høve til å kunne påverke i budsjettprosessen. Slik som beskrive i sak om budsjettprosess 2020, så er dette ein av dei store sjansane for å påverke korleis Fylkesting for ungdom skal kunne gjennomføre sin politikk det nærmaste året.

#### Stad:

Fylkesting for ungdom Vestland skal etter planen gjennomførast i Bergen på Hotel Scandic Kokstad. Dette hotellelet har vore nytta ved dei siste store arrangementet i regi av UFU og UFT: Nettverkssamling 2018 og Ungdommens fylkesting 2019. Det er såleis eit kjent hotell for mange samtidig som det ligg nær kollektiv transport og Flesland. Skulle ein finne at hotellelet ikkje kan nyttast kan det avbestillast vederlagsfritt innan 12. september 2019.

### **Framover**

Det er innleia dialog med administrasjon i Sogn og Fjordane og det vil bli initiert eit møte i snarleg framtid. Tanken bak dette møtet er å få på plass sentrale dokument (vedtekter, saksliste, program, invitasjonar osv.). Sjølv om UFU i utgangspunktet ikkje har fleire formelle møter før Fylkesting for ungdom, så vil administrasjonen med leiar og nestleiar halde utvalet fortløpande orientert.

### **Innspel frå UFU**

Fylkesting for ungdom kjem til å bli eit stort arrangement med fleire deltagarar enn tidlegare. Reknar ein to delegatar per kommune vil ein komme opp i over 80 delegatar. I tillegg kjem administrasjon, spesielt inviterte osv. For at dette skal bli eit viktig og spanande fylkesting er vi avhengig av innspel og hjelpe alle. Fleire haud tenkjer betre enn nokre få, og kreativitet og idear tas i mot utan etterhald. Målet er at det skal bli ein flott samling der alle føler dei kan vere med og der det er rom for alle å bidra og føle seg inkludert.

UFU bes difor om å komme med innspel, idear og forslag til innhald og struktur på Fylkesting for ungdom Vestland.

### **Forslag til vedtak**

Ungdommens fylkesutval tar status om samanslåingsprosessen til orientering og gjev slike innspel til Fylkesting for ungdom Vestland 2019:

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*



Arkivnr: 2014/560-441

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	64/19	21.08.2019

### Aktivitetar for Ungdommens fylkesutval hausten 2019

#### Samandrag

Hausten 2019 vil verte spesiell på mange måtar. Først og fremst er det fylkestingsval i september og i neste steg vil det verte store omveltingar med tanke på organisering av nye politiske råd og utval samtidig som ein skal avvikle dei noverande konstruksjonane. Dette inneber også ein del endring for Ungdommens fylkesutval denne hausten.

I samråd med leiar og nestleiar har det vore slutta at ein ikkje har fleire formelle møter utover hausten. Ei slik vurdering er gjort fordi ein i utgangspunktet skal ha fokus på avvikling av dei noverande politiske organ. Dette er gjengs for alle avdelingar og organ i Hordaland fylkeskommune. Dette betyr ikkje at Ungdommens fylkesutval kan finne på andre aktivitetar. Til dømes er det ingenting i vegen for at UFU kan arrangere standaktivitet (minner om at det er kjøpt inn profileringsartiklar) eller legge opp til ein ettermiddag med presentasjonar frå ulike organisasjonar for læring. Det er heller ingenting i vegen for at dokker kan delta på spanande arrangement dokker blir invitert til eller andre politiske møter eller tilsettingar. Dette kan og ha relevans for arbeid med UPP.

*At det ikkje er formelle møte betyr ikkje at det ikkje skal arbeidast med UPP. Dette er eit ansvar alle og ein kvar har.*

UFU bes ta stilling til om det allereie no er relevante og aktuelle aktivitetar som kan stadfestast. Sidan helgemøte i august er siste formelle møte vil det vere særskilt viktig at UFU lager seg ein plan og oversikt over den kommande hausten. Dei ulike utvala har kanskje ulike mål for kva som skal skje og da kan det vere lurt å samkjøre seg. Det vil også gjere det enklare å handtere uventa hendingar.

#### Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesutval setter opp slik plan for hausten 2019:

Bertil Søfteland  
Leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*



Arkivnr: 2014/560-443

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	65/19	21.08.2019

### Årsmelding 2019

#### Samandrag

Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal etter ny kommunelov avviklas i det Fylkesting for ungdom opprettast. Når eit politisk organ anten går over i eit nytt år, ny periode eller avviklast er det vanleg at det ein leverar ei årsmelding som seier noko om møteaktivitet, målarbeid og kva ein har oppnådd i løpet av eit år.

For Ungdommens fylkesting har ein i Hordaland fylkeskommune fastsett dette i delegasjonsreglementet:

«Protokoll frå ungdommens fylkesting, og det nye handlingsprogrammet, vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli. Ungdommens fylkesutval skal godkjennast av fylkestinget.»

Bakgrunn for at ei årsmelding er relevant er fordi det speglar kva ein kan forvente det neste året, og at ein legg eit erfaringsgrunnlag for eventuelle nye representantar som skal vere i med Vestland ungdomsutval.

Ungdommens fylkesutval bes no om å lage eit førsteutkast til årsmelding som skal presenterast på fylkesting for ungdom 2019. Vidare saksbehandling kring årsmelding vil verte gjort skriftleg gjennom e-post.

Kontrollkomiteen vil og verte oppmoda til å skrive sin del.

Vedlagt til denne saka finn dokker årsmeldinga som blei skreve for 2018.

#### Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesutval gjev slikt førsteutkast til årsmelding 2019:

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

# Årsmelding for Ungdommens fylkesting 2018



# Innhald

<b>INNHOLD</b>	<b>2</b>
<b>ÅRSMELDING 2018 FOR UNGDOMMENS FYLKESUTVAL</b>	<b>3</b>
Opplæring og helse – Malene Kristine M. Alsaker, Oda Medhus og Sander Molland.	4
Kultur, idrett og regional utvikling – Jonas A. Å. Askeland, Jens Hestnes Andersen og Lisa Haugland Bøthun	4
Eigen organisasjon – Vegard Kleppe og Marte Kristoffersen	5
Administrasjonen	6
Ord frå leiar	6
Kontrollkomiteen	7

# Årsmelding 2018 for Ungdommens fylkesutval

## Samansetting av Ungdommens fylkesutval (UFU)

Navn	Stilling	Kommune	Valperiode
Marius Hellan Hindenes	Leiar	Lindås	1 år
Anna Elisabets Øyrehaben Akselvoll	Nestleiar	Vaksdal	Ikkje på val
Marte Kristoffersen	Medlem	Granvin	2 år (fritak) *
Sander Molland	Medlem	Askøy	2 år
Malene Kristine Meidell Alsaker	Medlem	Tysnes	1 år
Julie Langum	Medlem	Fjell	1 år
Jonas Arlie Ådlandsvik Askeland	Medlem	Meland	1 år
Vegard Tobias Kvalheim Kleppe	Varamedlem	Sund	1 år
Oda Medhus	Varamedlem	Eidfjord	1 år
Ida Heggland	Varamedlem	Tysnes	1 år
Jens Hestnes Andersen	Varamedlem	Askøy	1 år
Lisa Haugland Bøthun	Varamedlem	Askøy	1 år

\* Medlem Marte Kristoffersen søkte 19.09.2018 om fritak frå sitt verv. Dette blei innvilga av Ungdommens fylkesutval 19.10.2018 i sak 68/18.

## Samansetting av kontrollkomiteen

Navn	Stilling	Kommune	Valperiode
Håkon Kongsvik	Leiar	Tysnes	1 år
Oda Mo Eikefet	Medlem	Modalen	1 år
Isak Hernes	Medlem	Askøy	1 år *

\* Medlem Isak Hernes meldte 25.01.2019 frå om at han trakk seg frå sitt verv i kontrollkomiteen.

## Opplæring og helse – Malene Kristine M. Alsaker, Oda Medhus og Sander Molland.

Opplæring og helse, representert ved leiar Malene Kristine Meidell Alsaker, presenterte seg sjølve og sitt planprogram på møte i Utval for opplæring og helse i fylkeskommunen i vår. Her fekk vi positiv respons på mykje av politikken vår. Også på fylkestinget i oktober fekk vi fortalt kva vi meiner om ulike saker.

Gjennom året har vi halde fram samarbeidet vårt med Kommunesektorens interesseorganisasjon (KS). Her kan vi diskutere problemstillingar som har med både fylkeskommune og dei einskilde kommunane å gjere.

I år har Malene Kristine også vore aktiv i Samarbeidsorganet for folkehelse. Ein tur til Oslo for å møte andre samarbeidsorgan var lærerik. Her fekk ein sjå korleis andre fylke ynskjer å fordele sine midlar til kommunane sine folkehelseprosjekt.



På dialogsamlinga i haust var vi med for å lære meir om dei ulike vidaregåande skulane i fylket. Her vart vi presenterte ei kvalitetsmelding som syner at dei ulike vidaregåande skulane våre er forskjellige, og at alle elevane våre er ulike og unike. Fokuset var på lærarar og deira utdanningsløp, og det var mykje spennande informasjon om yrkesfagleg utdanning.

Julie frå Utval for miljø og samferdsel og Oda representerte UFU på Bergen Pride. Julie deltok også på Storapride. Oda har dessutan vore med på eit planleggingsmøte i arbeidsgruppa for læringsnettverk. Sander Molland deltok på eit møte med Nettverksgruppa for gode skule- og barnehagemiljø i Hordaland. På møtet vart det diskutert korleis ein kan betre miljøet på skular og i barnehagar, og det vart snakka om korleis ein skal inkludere elevar frå innføringsklassar og dei som slit med ulike handikap.

## Kultur, idrett og regional utvikling – Jonas A. Å. Askeland, Jens Hestnes Andersen og Lisa Haugland Bøthun

I år har Jonas Askeland (leiari), Lisa Haugland Bøthun og Jens Hestnes Andersen vore i utvalet for kultur, idrett og regional utvikling. Vi har fått moglegheit til å arbeide med utspring mykje kjekt, og vi har fått fremja politikken som UFT vedtok i februar 2018. Året starta med ein dialogdag for heile UFU, der vi var i møte med dei som kom til å verte viktige kontaktpersonar for oss, blant anna leiari for KIRU, Beate Husa.

Vi starta arbeidet vårt med å verte inviterte til å halde opningstala til UKM, der nestleiar, Anna Elisabeth, representerte oss. Tala var ein suksess, og festivalen var strålande. I april var Jonas på arbeidsseminar om folkehelse i regi av folkehelsedepartementet. Han tok med seg mange verdifulle erfaringar derfrå, som han delte med resten av KIRU. I haust vart det arbeida mykje med Den kulturelle skulesekken. I den samanheng var noko av det første vi gjorde å kome med innspel til ein pecha kucha som skulle vise korleis Den kulturelle skulesekken fungerer i Hordaland. Vi deltok på konferansen om elevmedverknad i Den kulturelle skulesekken, der pecha kuchaen vart presentert.



Vi var i møte med fagkoordinator/seniorrådgjevar i KIRU for å starte prosessen rundt kva program vi ville ha direkte inn i programmet. Der vart vi einige om at vi fekk sitte i faggruppene for musikk og litteratur. Prosessen rundt dette gjekk veldig bra, og vi fekk verkeleg fremja ungdom sine preferansar. Då budsjettet vart handsama hadde vi eit møte med Beate Husa der vi spelte inn kva ungdom ynskjer prioritert i Hordaland. Beate Husa var veldig imøtekommende og tok sakene vidare til fylkestinget.

Alt i alt har dette vore eit veldig produktivt år, der vi har fått til noko heilt nytt i samband med Den kulturelle skulesekken. Vi vart dei fyste frå KIRU til å sitte i faggrupper, og det er noko vi håper UFU og leiinga tar med seg vidare. Trass i at vi kom litt seint i gong har vi gjort mykje, men vi skulle gjerne ha laga litt fleire innspel til fylkestinget sin dagsorden.

## Miljø og samferdsel – Ida Heggland og Julie Langum

Dette året har Ida Heggland (leiar) og Julie Langum vore med utvalet for miljø og samferdsel. Det har vore eit spennande år for oss, særleg på samferdselfronten. Året starta med ein dialogdag, der vi prata med Skyss, klima- og naturressurssjefen, direktøren i Skyss, representantar frå administrasjonen, og representantar frå utval for miljø og samferdsel. Ida har vore aktivt representert i klimarådet og fylkestrafiksikringsutvalet. På dei ulike møta har vi fått moglegheit til å komme med våre synspunkt på ei rekke ulike saker, som korleis ein skal skape gode haldningar blant unge trafikken og jobbe for å auke refleksbruken.



I løpet av året har vi formidla til politikarane kor viktig det er for ungdommen med trafikksikre vegar, særleg ute i distriktet, og fremja forslag om trepunktsbelte på kollektivtransport i fylket. I haust var Ida på fylkestinget og fortalte politikarane kva som engasjerer ungdom innan miljø og samferdsel.

Då budsjettforslaget i haust foreslo å legge ned hurtigbåten mellom Våge og Os, var vi kjappe med å seie i frå om kva vi meinte om dette til politikarane. Det same gjaldt forslaget om å auke prisen på månadskortet for ungdom, noko som enda med prisfrysing. Saman med Trygg Trafikk har vi vore med og fronta trafikksikkerheitskonkurransen #ErDuSikker. Året har vore eit innhaldsrikt år for MISA, og sjølv om vi kunne ha gjort meir på miljøfronten har det vore eit effektivt år.

## Eigen organisasjon – Vegard Kleppe og Marte Kristoffersen

Representantane Marius og Anna Elisabeth deltok i mars på fylkesting for ungdom i Sogn og Fjordane. Dette var kjekt og lærerikt, og vi fekk utveksla mange interessante idear og forslag til korleis eit nytt medverknadsorgan for ungdom skal sjå ut. Vi i UFU ser fram til fylkessamanslåinga og gler oss til å fortsette det tette samarbeidet vidare på vegen mot det nye fylket.

I haust deltok Oda og Ida på nettverkssamlinga til Sogn og Fjordane. Her møtte dei masse kjekk ungdom, og fekk utveksla gode idear og erfaringar til seinare arbeid.

Vi i eigen organisasjon har arbeida kontinuerleg med å oppdatere sidene våre på sosiale media, vi har oppdatert instagramkontoen, og gjort ting meir oversiktleg og estetisk. Vi har dessutan publisert saker som er relevante for ungdom i fylket på både facebook og instagram. Vi i eigen organisasjon er ikkje dei som har vore mest til stades fysisk, men vi har gjort det beste ut av det. UFU skulle gjerne hatt fleire medieoppslag og vore flinkare til å leggje ut bilete frå møte og reiser. Eigen organisasjon har vore engasjerte i det sosiale i UFU. Vi har gjort vårt beste for at alle i utvalet skal føle seg sett og inkludert, og vi har vore ein aktiv pådrivar for eit godt arbeidsmiljø. Vi har skaffa meir profilermateriell til UFU, der i blant etterlengta svarte UFU-genserar og fine refleksar. Fokuset har og vore retta mot oppstart og oppfølging av ungdomsråd i fylket. Oppstart av ungdomsråd har vore vanskeleg, og dette er noko UFU må prioritere neste år. UFU har hjelpt til

med tilrettelegging og oppfølging gjennom heile året, og då hovudsakleg på grunnlag av mindre førespurnadar.

Det har vore ei utfordring at vi ikkje har fått arrangere helgemøter slik vi har gjort tidlegare. Dette har vore med på å redusere arbeidseffektiviteten, samt gjort at vi ikkje har hatt det same sosiale samværet som tidlegare.

UFU arrangerte nettverkssamling for ungdom frå alle kommunane i Hordaland første helga i november. Tema denne gongen var ”Å vera ungdom i Vestlandet”, eit tema vi tenkte kom til å interessere ungdommen i fylket, samt at vi ville informere og få innspel til samanslåinga av fylkeskommunane.

## Administrasjonen

Hordaland fylkeskommune har i 2018 hatt fire tilsette som har arbeida for å legge til rette for Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting. Dette er Ingeborg Strandberg og Silje Lyngstad, rådgjevarar for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, og Dianne Kilvær og Marielle Solheim, som organiserer store arrangement som nettverkssamlinga og Ungdommens fylkesting, og som dessutan tek seg av bestilling av reiser, hotellovernattingar og påmelding til kurs.

Starten på perioden vart noko utfordrande ettersom det i HFK vart bestemt at UFU ikkje fekk reise på helgemøter på same måten som tidlegare. Tilbakemeldingane frå UFU var at dette gjorde at utvalet hadde vanskeleg for å kome i gong og bli kjende. Administrasjonen opplevde at det etterkvar vart ein god dialog, og det kom på plass ei løysing som gjorde at utvalet kunne reise på helgemøter frå hausten 2018.

UFU har i året som har gått utmerka seg både ovanfor politikarar og administrasjonen på ein særslig positiv måte. Til dømes har politikarane i fleire saker spurt etter UFU si røyst, og bedt om uttalar dei kan ta med seg vidare i sakshandsaminga. UFU har også presentert seg for fylkestinget, der fleire av politikarane i etterkant uttrykte begeistring.

No går vi inn i det siste året som Ungdommens fylkesting Hordaland, og administrasjon ser fram til eit nytt spanande år med arbeid, fylkessamanslåing og mykje gøy!

## Ord frå leiar

Året 2018 har vore eit lærerikt, produktivt, viktig og utfordrande år for Ungdommens fylkesutval.

Det har vore utfordrande på den måten at vi tidleg i perioden vår fekk beskjed om at helgemøte, slik helgemøta har vore organisert i alle år, ikkje lenger var aktuelt. Etter tett og lang dialog med både administrasjonen i fylkeskommunen og vår politiske kontaktperson, fylkesvaraordfører Pål Kårbo, fann vi omsider ei løysing etter sommaren, men då hadde allereie nesten eit halvt år gått med i eit tappert forsøk på å prøve og organisere oss på ein god måte, noko vi delvis lukkast med.

2018 har vore året der den nærliggande samanslåinga med Sogn og Fjordane har vore i fokus. Dette er ei av leiinga sine største fokusområde dette året. I samarbeid og tett dialog med ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane har utarbeidning av nye vedtekter og framgangsmåte i samanslåingsprosessen aldri vore fråverande.

Samarbeidet byrja allereie før vi vart innstilt i februar 2018, men ved innstillinga tok vi over stafettpinnen. Vi hadde vårt første møte saman med UPU allereie i april i fjor, der både leiar og nestleiar frå Hordaland var representerte i Sogn og Fjordane sitt fylkesting. Formålet med dette var å kunne lære av kvarandre når det kjem til til organisering av fylkesting, samt legge retningslinjer for prosessen vidare.



Etter sommaren byrja prosessen med utkast til vedtekter for fullt. Leiар og nestleiar frå Sogn og Fjordane var begge representerte ved nettverksamlinga i Hordaland i november, på same måten som Hordaland var representert ved deira nettverksamling seinare same månad. Dette handla mykje om observering, men og å vedlikehalde dialogen.

I desember 2018 reiste nestleiar, Anna Elisabeth Øyrehaben Akselvoll, for å vere med på desembermøtet til UPU. Her var det sett av tid til å berre fokusere på vedtekten, regelverket og organiseringa av det nye medverknadsorganet for ungdom i det nye fylket. Dette møtet var avgjerande for at planlegginga for å få vedtekten klare til denne helga vart så god som den har vore.



Leiinga var også representert ved nestleiar, Anna Elisabeth Øyrehaben Akselvoll, på opninga av fylkesfinalen for Ung Kultur Møtast (UKM) i april. Her fekk ho æra av å halde opningstalen saman med Beate Husa, leiар i Utval for kultur, idrett og regionalutvikling.

I oktober presenterte UFU seg for fylkestinget. Tala var klar! Vi vil vere med i dei politiske prosessane, vi vil bli høyrde og vi vil verte tekne på alvor. Barn og unge er 100% av framtida, og vi vil vere med på å forme den.

Bodskapen vart teke godt i mot av fylkespolitikarane, og presentasjonen på fylkestinget vart fortsetjinga på eit endå betre samarbeid med politikarane.

Alt i alt har 2018 vore året for dei store avgjerslene og året for endring. Sjølv om det til tider har bydd på utfordringar har vi komne oss gjennom året, saman.

UFU 2018 har bestått av 11 fantastiske ungdommar. Saman har vi fått gjennom mykje viktig og god politikk, og vi har oppretta nye kontaktar og gode samarbeidspartnerar. Vi har gjort alt vi kan for å leggje til rette for at ungdommen skal få eit ord med i laget i det nye fylket, og ikkje minst det fylket vi er ein del av no!

**Marius Hellan Hindenes**  
*Leiar  
Ungdommens fylkesutval i Hordaland*

## Kontrollkomiteen

Kontrollkomiteen har i 2018 bestått av Håkon Kongsvik (leiар), Oda Mo Eikefet, og Isak Hernes. Kontrollkomiteen vart vald av Ungdommens fylkesting (UFT) i februar 2018, og jobbar i kraft av sitt mandat gjeven av fylkestinget i Hordaland.

Kontrollkomiteen sitt mandat er definert som følgjer:

**§2.23**  
Kontrollkomiteen skal ha ein kontrollerande funksjon ovanfor Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting. Kontrollkomiteen skal sjå til at arbeidet skjer innanfor den ramma som er sett av vedtekne dokument på Ungdommens fylkesting. Komiteen skal bestå av tre medlem, fortrinnsvis eit avtroppande medlem av Ungdommens fylkesutval. Kontrollkomiteen har tale- og forslagsrett på Ungdommens fylkesutval, og Ungdommens fylkesting, sine møte.

**§2.24**  
Kontrollkomiteen er plikt til å ta opp saka på Ungdommens fylkesting dersom det oppstår tvil om korleis Ungdommens planprogram eller vedtekter skal forståast. Fram til Ungdommens fylkesting har behandla saka er det kontrollkomiteen si tolking som gjeld.

Kontrollkomiteen har i 2018 møtt i fleire av Ungdommens fylkesutval sine møter og svara på førespurnadar frå ungdommens fylkesutval ved behov.

Kontrollkomiteen har i løpet av året ikkje merka seg situasjonar der komiteen har måtte gripe inn for å sørge for at UFU jobbar i dei rammene som er sett av UFT, eller for dei måla som er definert i Ungdommens planprogram (UPP). Dermed har vår rolle vore av ein meir rådgjevande karakter, ettersom to av kontrollkomiteen sine medlemmar tidlegare har hatt sentrale rollar i UFU. I praksis vil det seie at kontrollkomiteen, ved høve, har vore til stades med eitt eller fleire medlemmar på utvalet sine møter, for å svare på spørsmål og kom med tips til korleis ein kan løyse saker i UFU. Dette har og gjeve oss innsyn i UFU sitt arbeid gjennom året.

Det er vår oppfatning at året 2018 har vore utfordrande for UFU, og at det er fleire moment som har gjort at produktiviteten ikkje har vore optimal. Kontrollkomiteen vil hovudsakleg peike på nye restriksjonar frå administrasjonen i fylkeskommunen, og eit utval som hatt utfordringar med ein føremålstenleg dynamikk i gruppa som dei viktigaste årsakene til dette.

Det vart i 2018 innført restriksjonar frå administrasjonen i fylkeskommunen som gjorde det svært vanskeleg for UFU å organisere helgemoseter i starten av året. Dette førte i sin tur til at det vart vanskeleg å etablere eit godt sosialt samhald og solid arbeidsgrunnlag, noko som er viktig for å få ein god gruppodynamikk og arbeidsmoral i det vidare arbeidet. Etter samtale med fleire medlemmar kjem det og fram at informasjon og kontakt mellom leiinga og resten av utvalet har vore for dårlig, noko som igjen fører til utfordringar med progresjon i arbeidet og planlegging av møter. Det kjem og fram at nokre medlemmar opplever skeivfordeling av arbeidsmengda i utvalet som ein demotiverande faktor.

Eit anna moment er i kva grad UFU har vore synleg. I følgje vedtekten og ungdommens planprogram skal UFU ha ei aktiv rolle i medium og på sosiale medium, der dei skal fronte ungdommen sine interesser i Hordaland. UFU har hatt medieoppslag i 2018, men kontrollkomiteen har merka seg at sosiale medium sjeldan har vore oppdatert. Dette er svært negativt ettersom sosiale medium er blant dei viktigaste kanalane UFU kan nytte til å kommunisere med ungdommar i fylket. Det er viktig at UFU 2019 tek dette til etterretning og nyttar sosiale medium og tradisjonelle medium aktivt for å front politikken vedtatt av UFT.

Kontrollkomiteen tykkjer UFU 2018 har arbeida godt med førebuinga av nettverkssamlinga, UFT, og opp i mot samanslåinga av Hordaland og Sogn og Fjordane. Blant leiinga i UFU poengterast det at utvalet har arbeida med høg arbeidsmoral trass i utfordringar i arbeidet, noko som er svært positivt. Vi vil og understreke at sekretariatet for UFU har fungert veldig godt, noko som har gjort at UFU til alle tider har vore oppdatert på aktuelle saker og tidsfristar. Sakspapir og møteprotokollar har og vore sendt ut til riktig tid dei aller fleste gongane.

Avslutningsvis vil vi poengtere at det er viktig for UFU 2019 å etablere eit godt sosialt samhald og arbeidsgrunnlag tidleg i året, for å skape eit godt og produktivt arbeidsmiljø. Det er svært viktig at leiinga har klare forventingar til utvalet sine medlemmar, og tydelege planar for kva det skal jobbast med på møta. Det er også viktig å ha klargjort så mykje som mogleg i forkant av møta, slik at dei vert meir strukturerte og effektive.

Til slutt vil vi i kontrollkomiteen takke for oss, og ønske UFU 2019 lukke til!



Arkivnr: 2014/560-442

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	66/19	21.08.2019

### Budsjett for 2020 - innspel frå Ungdommens fylkesutval

#### Samandrag

Fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2020 for Vestland fylkeskommune er planlagd å vere ferdig i siste halvdel av oktober. Det er planlagt å innhente innspel frå ulike råd innan 12. september. Budsjettet vil så kome til politisk behandling i dei nye faste politiske utvala for Vestland fylkeskommune, deretter fylkesutvalet og vil verte endeleg vedteke i fylkestinget i desember. I budsjettforslaget ligg forslag til budsjett for Fylkesting for ungdom Vestland, samt alle dei sakane som ein ser for seg at Vestland ungdomsutval skal jobbe for og med.

Ungdommens fylkesting Hordaland har for 2019 fått tildelt 360 000 kr i budsjettet frå Hordaland fylkeskommune. Kva som vert tildelt for 2020 vert lagt fram som eit forslag frå fylkesrådmannen i oktober og vert vedteke av Vestland fylkesting i desember.

Sjølv om budsjettet som vert lagt fram i all hovudsak gjeld nye Vestland ungdomsutval (VU) er det ønskjeleg, og ein fordel, at Ungdommens fylkesutval kjem med innspel til kva slags aktivitetar som skal skje i 2020. Dette vil vere med å skissere trong for midlar og det er viktig at dette kjem fram til administrasjonen ved økonomi- og organisasjonsavdelinga som jobbar med budsjettet. Slik det kjem fram innleiingsvis bør UFU nytte seg av sjansen til å sende inn sine innspel innan 12. september.

Sjølv om dei ønskja UFU har ikkje vert teke høgde for i forslaget som vert fremja av fylkesrådmannen i oktober er det framleis moglegheit for å påverke. Då må ein kontakte politikarar direkte eller ved å sende ei uttale til budsjettet til dei politiske utvala og fylkestinget. Dette bør ein gjere så tidleg som mogleg og gjerne ha eit utkast klårt allereie før ein veit kva forslaget for fylkesrådmannen inneber. Det er kort tid frå budsjettet vert lagt fram til politikarane skal gjere vedtak i saka.

Administrasjon vil legge til rette for at Fylkesting for ungdom er så godt rusta som mogleg fram mot budsjettforhandlingane som tek til mot jul. Målet er å få til ein gjennomgang av budsjettet kor representantar for UFU, UPU og Fylkesting for ungdom kan stille spørsmål om kva de må gjere for å få til dei endringane de ønskjer.

#### Forslag til vedtak

Ungdommens fylkesutval gjer slike vedtak:

1. Ansvar for innspel til forslag til budsjett for 2020 til administrasjon får ..... og frist vert .....
2. Ansvar for innspel til forslag til budsjett for 2020 til politikarane får ..... og frist vert .....
3. Ansvar for uttale til fylkesrådmann sitt forslag til budsjett 2020 får ..... og frist vert .....

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Silje Lyngstad  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*